

## Prosedyrar for fagnettverk barnehage

Versjon: 14.06.2024

-Fagnettverksansvarleg har ansvaret for det faglege innhaldet i fagnettverket og skal lose nettverket gjennom dagen. Den har også ansvar for registrering av oppmøte, at det tekniske utstyret er på plass og å lage eit programutkast som vert sendt til programleiar eller utforma i samarbeid med programleiar i god tid før samlinga

-Programleiar har ansvar for å legge ut invitasjon med program på heimesida [Komande Hendingar – Fagnettverk i Sogn](#) og sende denne ut til styrarane, PPT, HVL og andre relavante på e-post. Programleiar har også ansvar for påmeldingar og avmeldingar, samt bestilling av lokale og enkel lunsj (i samråd med fagnettverksansvarleg)

-Fagnettverksamlingane skal normalt leggest til Sogndal sidan det er midt i regionen, men det kan gjerast unntak dersom ein til dømes ynskjer å besøke ein barnehage ein anna stad i Sogn

-Tidsramme for fagnettverka er vanlegvis: kl 9.00-14.30. Dersom samlingane vert lagt til anna stad enn Sogndal bør ein ta omsyn til oppmøtetid og auka reiseveg for dei som bur lengst vekk

-Dei siste 20 min må nyttast til skriftleg evaluering etter felles digitalt skjema for alle fagnettverka. Ein må også bruke den tida på å diskutere ynskje for neste samling og evt. avtale mellomliggende arbeid der det er aktuelt. Still gjerne spørsmål til deltakarane som «Er det noko som er utfordrande i barnehagen no knytt til tema innan vårt fagnettverk? Kva ynskjer de meir av?»

-Barnehagane bestemmer sjølve kor mange fagnettverk ein skal delta i. Nokre barnehagar vil prioritere kunn eitt fagnettverk, medan andre vil sende deltakarar på alle fagnettverka. Det er viktig å melde på dei som er engasjerte og som kan bidra aktivt i fagnettverket. Det er ynskjeleg at deltakarane er faste medlemmer av det einskilde fagnettverket for ein periode på to år for å skape kontinuitet og nettverkseffekt

-Det er maks 40 deltakarar pr. fagnettverk. Dersom det vert fleire påmeldt må programleiar fordele plassar mellom barnehagane/ kommunane. Dersom det vert færre enn 10 påmeldte vert fagnettverka normalt avlyst

-Me anbefalar at barnehagar som melder seg på fagnettverk minst melder på to tilsette i same fagnettverk for å betre legge til rette for etterarbeid og forankring i barnehagen mellom samlingane

-Det kan vere lurt at deltakarar på fagnettverk deler idear og kunnskap i eigen barnehage etter samlingane, gjerne på personalmøte, ped.leiarmøte eller avd.møte

-Det kan vere aktuelt å kontakte media for å få merksemd rundt fagnettverka dersom det er teneleg for å synleggjere kva me jobbar med. Dette kan programleiar hjelpe til med viss ynskjeleg

-Det er også fint viss nettverksansvarleg sender eventuelle presentasjonar, bilete, tal oppmøte, stikkord frå fagnettverka til programleiar som kan legge det ut på heimesida under «nyheiter» [fagnettverkisogn.no](http://fagnettverkisogn.no) Programleiar vil sende ut lenkje til heimesida på e-post til styrarane, PPT, HVL og andre relevante dersom noko skal delast etter samlingane

-Det er ynskjeleg å få HVL involvert i fagnettverka. Programleiar har hatt dialog med HVL om dette. Nettverksansvarleg kan også ta direkte kontakt med HVL eller andre eksterne dersom det er aktuelt når programmet skal lagast. Det er fint å knyte ulike ressurspersonar inn i samlingane, men også legge vekt på deling mellom deltakarane. Tid til refleksjon og gruppearbeid er viktig

-Fagnettverka vert evaluert jamleg via qr-kode som deltakarane svarar på, og som nettverksansvarleg og arbeidsgruppe for fagnettverk barnehage tek utgangspunkt i for vidare planlegging. Det vert eit årleg evalueringspunkt som eiga sak under styrarnettverket før sommaren. Det er fint om fagnettverksansvarlege vert involvert i denne evalueringa. I slike møte kan ein også setje opp ein plan for komande barnehageår i høve datoar, innhald og fordeling av ansvar

## Økonomi

Kvart aktive nettverk får kr 30.000,- årleg til disposisjon. NB! Ubrukte midlar må kvart år setjast på fond av nettverksansvarleg barnehage, slik at dei ikkje forsvinn ved årsslutt. Programleiar betaler ut det årlege beløpet til dei nettverksansvarlege barnehagane kvar haust i to år før det er skifte av nettverksansvarleg. Merk at desse midlane også skal halde fram til sommaren siste halvår i perioden, så dei må difor stå på fond. Styrar i nettverksbarnehagen har ansvaret for dette. Dersom fleire barnehagar deler på nettverksansvaret må ein styrar ta hovudansvar for økonomien.

### Dei 30.000 kr pr nettverk skal årleg dekke:

-to nettverkssamlingar pr år

-vikarutgifter for fagnettverksansvarleg: ein dag avspasering pr. ansvarleg pr. fagnettverksamling. Dersom det vert mange nettverksansvarlege må ein finne andre løysingar som er økonomisk berekraftig

-enkel lunsj til alle deltakarar i nettverket

-leige av rom. Men me legg opp til å bruke gratis lokale så langt det er mogeleg...

-evt. symbolsk gåve til ekstern føredragshaldar, særleg dersom dei ikkje skal ha honorar

-faktura til ekstern føredragshaldar dersom det er mindre beløp som ein har mogelegheit til å dekke innanfor potten

-evt. naudsynt utstyr som handbøker eller anna materiell til fagnettverksansvarlege. Ta kontakt med programleiar i forkant av innkjøp dersom det ikkje er rom for dette innanfor den årlege potten. Beløp utanfor potten må alltid avklarast med programleiar

Dersom det vert aktuelt å nytte seg av eksterne ressursar som skal ha honorar som ikkje kan dekkast av potten, må dette avklarast med programleiar først. Det kan vere tilgjengelege midlar i regionen me kan nytte til dette. Dyrare føredrag bør som hovudregel prioriterast å nyttast til større årlege samlingar som til dømes regional planleggingsdag for alle tilsette i barnehagane og fagdagar psykisk helse og spes.ped.